



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Til stades:

Medlemar:

Simon Gilbertson, programstyreleiar
Lars Tuastad, programstyre nestleiar
Claire Ghetti, programkoordinator
Viggo Kruger, praksiskoordinator
Maria Toppe: ekstern fagrepresentant
Christine Wilhelmsen: ekstern fagrepresentant

Studentrepresentantar:

Gry Svanhild Kvisterud Hole
Eirik Sæle

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent, sekretær

Tid: Fredag 17.09.2021, kl. 13:00-14.30

Møte: 4/2021

Stad: Microsoft Teams

Arkivnr: 2021/13217 (ePhorte)

I **Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Programstyreleiar opplyser om ny sak under eventuelt: Praksisoppdatering.
Programstyret godkjenner innkallinga og dagsorden.

II **Protokoll frå førre programstyremøte**

Møtet den 4. juni vart ikkje gjennomført, og det eksisterer difor ikkje protokoll for dette. Førre møte var 12. mars.

III **Sakar:**

MUTP 14/21 Opptak og oppstart

Programkoordinator orienterte om opptaksprossesen og aktualiserte spørsmål knyttet til rekruttering, måltal og gjennomstrøyming.
Programstyret diskuterte rekrutteringstiltak og spørsmål knytta til ei einsretta søkargruppe

Vedtak:

Programstyret ynskjer auka satsing på rekrutteringsarbeid. Dette er viktig for å nå måltala, og med tanke på gjennomstrøyminga ved Fakultet for kunst, musikk og design.

- a) Programstyret ynskjer støtte frå opptakskontoret og kommunikasjonsavdelinga til utvikling av strategi og informasjonsmateriell for rekruttering.
- b) Programstyret understreker viktigheita av å bruke studentressursar i rekrutteringa, og ynskjer avklaring kring økonomisk kompensasjon for studentars bidrag i rekrutteringsarbeidet.

MUTP 15/21 Inkludering og mangfald i studieprogrammet

Programstyreleiar viser til Likestillingslova, og orienterer om at KMD-SU har oppmoda til fokus på dette. Programstyret diskuterer temaet knytt til rekrutteringsarbeid, tilrettelegging, innhald i studieprogrammet og forskning.

Vedtak:

Programstyret ynskjer eit auka fokus på mangfald og inkludering på programmet. Dette inkluderer studieinnhald, forskning og tilrettelegging av studiesituasjon for studentar.

MUTP 16/21 Covid-19-strategi for inneværande semester

Programstyret diskuterer moglegheita for å vidareføre mellombels unnatak for kravet om obligatorisk frammøte til undervising.

Vedtak:

Programstyret ynskjer å behalde gjeldande fråværsreglement, og bruke handlingsrommet innafor skjønsmessig vurdering.

Programstyret tek til etterretting at kommunikasjonen rundt gjeldane reglement kan ha vore uklår i byrjinga av semesteret og ynskjer ikkje at dette skal føre til urettmessige konsekvensar for studentar.

MUTP 17/21 Evaluering – strategi for 3-årig emneevaluering og 5-årig programevaluering

Saka var førebudd til programstyremøtet 4. juni. Dette møtet vart ikkje gjennomført.

Arbeidet med evaluering er i prosess og programkoordinator har dialog med emneansvarlege om innlegging i kvalitetsbasen UiB.

Programstyret vil arbeide med å foreslå ei hensiktsmessig rekkefølge for den treårige emneevalueringa, samt planlegge den komane programevalueringa.

Dialog med ekstern fagfelle om årleg vurdering og fagfellerapport går via programstyreleiar.

MUTP 18/21 Digital musikkproduksjon

Saka er flytta til neste møte

Referat og orienteringssaker

a. Meldingar frå institutt

b. Meldingar frå Studieutvalget KMD

c. Meldingar frå fakultetet

d. Meldingar frå MUTP-fagutvalg og FUGA

e. Anna:

- **Studiebarometeret**

Programstyreleiar informerer om viktigheita av å førebu studentane på Studiebarometeret, og oppmode dei til å delta.

Eventuelt

- **Praksis**

Praksiskoordinator orienterer. Det er oppretta eit utval som skal sjå på praksisutviklinga. Det er gjort mykje før sommaren, og arbeidet held fram. Praksishefte er under revidering, og ein ser på utviklinga av kurs og evaluering, samt praksisrapport.

Programstyreleiar ber arbeidsgruppa om å ta programstyret med i prosessen, og ynskjer oppdatering og presentasjon av praksisheftet frå arbeidsgruppa på neste programstyremøte.

Bergen, 27. september, 2021

Simon Gilbertson
Programstyreleder

Hild C. Vang
Sekretær